


Lokal Folkehelseprofil for Bømlo kommune 2013.



Innhald

1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn	4
2. Kort om Bømlo kommune.....	5
2.1. Faktaopplysningar	5
2.2. Demografiske tilhøve	6
2.2.1. Befolkningstal pr 01.01.2012 :	6
2.2.2. Busetnad	6
2.2.3. Sivilstatus/butilhøve.....	7
2.2.4. Utdanningsnivå/arbeidsaktivitet.....	8
2.2.5. Arbeidsuførleik	9
2.2.6. Integrering.....	9
3. Fysiske og sosiale tilhøve.	9
3.1. Natur	9
3.2. Friluftsliv.	9
3.3. Idrettsanlegg.....	10
3.4. Kultur.....	10
3.5. Sosialt miljø	11
4. Næringsliv og Utdanningsinstitusjonar	11
4.1. Næringsliv	11
4.2. Innovasjon/næringsutvikling.....	12
4.3. Utdanningsinstitusjonar	12
5. Fysiske/kjemiske/biologiske/sosiale risikotilhøve	12
5.1. Trafikktilhøve	12
5.2. Kjemiske/biologiske risikotilhøve.....	13
5.2.1. Vassforsyning:.....	13
5.2.2. Skipstrafikk.....	13
5.2.3. Renovasjon	13
5.2.4. Kloakk/avløpsvatn.....	13
5.2.5. Radon	13
5.2.6. Miljøretta helsevern	13
5.2.7. Primærnæringar	14
6. Helse/omsorgsteneste	14
6.1. Helseinstitusjonar.....	14

6.2. Kommunale bustader	14
6.2.1. Private bustader der kommunen regulerer tildeling	14
6.2.2. Private bustader med kommunalt personell	14
6.3. Brukarar av heimebaserte tenester.....	15
6.4. Dagtilbod	15
6.5. Tannhelseteneste	15
6.6. Helsestatistikk.....	16
7. Frivillige organisasjonar.....	16
8. Kommunebarometer.....	17
9. Folkehelseprofil 2013 frå Folkehelseinstituttet (fhi) med kommentarar.....	19
9.1. Fråfall i vidaregåande skule	20
9.2. Bruk av helsetenesta/spesialisthelsetenesta somatikk.....	20
9.3. Bruk av spesialisthelsetenesta i psykiatri.....	21
9.4. Skuleferdigheter/skulemiljø	21
10. Lokale tilhøve	22
10.1. Rusmisbruk.....	22
10.2. Røyking/alkohol og helserelevanter livsstil	23
10.3. Sjukefråvær	23
10.4. Flyktningar/asylsøkjjarar.....	23
11. Arbeid som er i gong.....	24
11.1. Modellkommune-prosjektet.....	24
11.2. Partnerskap for folkehelse.....	24
11.3. Frisklivssentral.....	24
11.4. Kvalitetsgruppene	24
11.5. Ungdomsundersøking.....	24
11.6. Jobbsøkjarkurs/Basen/Nettopp Bømlo – tiltak gjennom NAV	24
11.7. Bømlo frivilligsentral	25
12. Tilrådingar vidare.....	25
12.1. Kartlegging.....	25
12.2. Generelt folkehelsearbeid	25
13. Folkehelseprognose	26
14. Oppsummering.....	28
15. Kjelder.....	28

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Lovgrunnlag: LOV-2011-06-24-29 Lov om folkehelsearbeid

FOR-2012-06-28-692 Forskrift om oversikt over folkehelsen

I 2011 vart Folkehelselova vedteken i Stortinget. Den legg grunnlaget for ei større satsing på førebyggjande arbeid i kommunane. I Folkehelselova § 5 står det: "Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne.

I forskrift om oversikt over folkehelsen §3 står det:" Krav til oversiktens innhold: Oversikten skal omfatte opplysninger om og vurderinger av:

- a) befolknings sammensetning
- b) oppvekst- og levekårsforhold
- c) fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) skader og ulykker
- e) helse relatert atferd og
- f) helsetilstand

Med oppvekst- og levekårsforhold menes for eksempel økonomiske vilkår, bo- og arbeidsforhold og utdanningsforhold. Med helse relatert atferd menes for eksempel fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmidler.

Oversikten skal inneholde faglige vurderinger av årsaksforhold og konsekvenser og identifisere ressurser og folkehelseutfordringer lokalt og regionalt. Kommunen og fylkeskommunen skal være særlig oppmerksomme på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale og helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller. ..."

Den generelle utviklinga dei seinare åra har vist aukande tendens til overvekt, mindre fysisk aktivitet, auka førekomst av diabetes, og auka bruk av alkohol. Born bruker mykje tid med skjermaktivitetar, har eit høgt inntak av sukker og kaloririk, men næringsfattig kost, og slit med tidlege muskulære plager og aukande vekt. Fleire born har trong for barnepsykiatrisk hjelp, fleire veks opp med skilte eller ikkje sambuande foreldre. Nye rusmidlar har vorte meir utbreidd, også i perifere strøk av landet. Muskel-skjelettsjukdommar og psykiske plager er framleis dei viktigaste årsakene til arbeidsuførleik. Skiljet i helsetilstand følgjer i stor grad sosioøkonomiske skiljelinjer, der dei med lågast sosioøkonomisk status har den dårlegaste helsa. Samstundes har bruken av tobakk minka, førekomst av hjerte-karsjukdommar har minka, og levealderen har auka for begge kjønn, og er mellom dei høgaste i verda. Noreg er i ein sær heldig økonomisk situasjon, og generelt er folkehelsa i Noreg god samanlikna med mange andre land. Men dei utviklingstrekka vi no ser, kan endre dette dersom ein ikkje tar grep for å snu trenden.

2. Kort om Bømlo kommune.

2.1. Faktaopplysningar

Bømlo kommune er ein øykommune vest i Sunnhordland. Kommunen har eit flateinnhald på 247 km², fordelt på ikkje mindre enn tusen øyar. Noverande Bømlo kommune blei danna ved samanslåing av kommunane Bømlo, Moster og Bremnes i 1963, og ved overføring av ei del av Fitjar kommune til Bømlo i 1995 i samband med brutilknytning til tidlegare vegløyse øyar. I sør-vest ligg øya Espevær, der ein framleis er avhengig av skyssbåt for å komme seg til og frå. I 2001 fekk Bømlo kommune fastlandssamband gjennom Trekantsambandet, med bru og undersjøisk vegtunnel til fastlandet Sveio i sør, og bru til nabokommunen Stord i aust. Dei seinare åra har det vore ei netto tilflytting til Bømlo kommune.




2.2. Demografiske tilhøve

2.2.1. Befolkningstal pr 01.01.2012 :


Totalt var det folkeregistrert 11503 personar i Bømlo kommune. Kommunen hadde netto fødselsoverskot på 57 personar i 2011, og ei netto tilflytting på 26, totalt en netto tilvekst på 82 personar. Pr 01.01.12 hadde kommunen fylgjande alderssamansetning:

< 1 år: 139, førskulealder 1-4 år: 652, 5-åringar: 167, barneskulealder 6-12 år: 1192, ungdomsskulealder 13-15 år: 814, 16-19 år: 1120, 20-39 år: 2850, 40-54 år: 2181, 55-66 år: 1627, 67-79 år: 860, 80-89 år: 446, og 90 år eller eldre: 126 personar. Det gjev ca 7,8% i førskulealder, 25,7% i skulealder, 54,7% i arbeidsfør alder, og 11,8% over 67 år. **Pr i dag har kommunen en høg del eldre over 80 år, men denne vil avta dei næraste åra.** Det er estimert ein auke i aldersgruppa 0-17 år på 17,1% i perioden 2012-2013.




2.2.2. Busetnad

I Bømlo kommune bur 53,8% i tettstad, definert som stad med meir enn 200 personar, og med mindre enn 50m mellom bustadene. Av desse er kommunesenteret på Svortland det største med **2282** innbyggjarar, dernest kjem Mosterhamn (**1203**), Rubbestadneset (**1162**), Langevåg (**664**), Melandsvågen (**507**) og Foldrøy (**350**).




2.2.3. Sivilstatus/butilhøve

Folketeljinga i 2011 syner at 40,1 % av folka i hushaldningane lever i ekteskap, 7,2 % som sambuarar, og 52,7 % lever ikkje i par. Gj.snittet for landet er 34,4 % gifte, 11,2 % sambuarar og 54,4 % ikkje i par. I Bømlo har dette endra seg lite sidan folketeljinga i 2001, medan det i landet elles har vore ein nedgang i talet på gifte og ein auke i talet på sambuande. 82,8 % bur i bustad som dei eig, 2,2% i burettslag- eller aksjubustad, og 15,0% i leigd bustad. Det er ein lita auke i sjøleigarar frå 2001




Ein-personhushaldningar



2.2.4. Utdanningsnivå/arbeidsaktivitet

I Bømlo har 13,7% av menn og 21,9% av kvinner høgare utdanning. Landsgjennomsnittet er 24,0% for menn og 28,4% for kvinner, og kommunen ligg klart lågare enn snittet i utdanningsnivå, særleg for menn. Deltaking i arbeidslivet er i aldersgruppa 20-66 år 86,5% for menn (gj.snitt 83,1) og 77,0% for kvinner (gj.snitt 76,7). Gjennomsnittleg inntektsnivå ligg også over landsgjennomsnittet. Kvinnedelen i offentleg sektor er høgare enn landsgjennomsnittet, og kvinnedelen lågare i privat sektor enn i landet elles, og talet på kvinnelege leiarar er lågt (28,3% mot 33,9% i landet).



2.2.5. Arbeidsuførleik

Statistikk frå NAV syner at det ved utgongen av 2012 var 309 personar på arbeidsavklaringspengar. Pr 01.10.12 var 545 personar uføre (fordelt på 20 pers. i aldersgruppa 18-29 år, 44 pers. i aldersgruppa 30-39 år, 106 pers. i aldersgruppa 40-49 år, 152 personar i aldersgruppa 50-59 år og 223 personar i aldersgruppa 60-67 år.

Sjukefråvær: Legemeldt sjukefråvær i 3.kvartal 2012 var på 4,9% (gj.snitt i Hordaland og i landet totalt 5,6%), målt i tapte dagsverk. 21,0% av sjukmeldingane var graderte, 26,2% hos kvinner og 14,1% hos menn. Dominerande årsak til sjukemelding er muskel-skjelettplager (38,8%) og psykiske plager (18,7%).

Arbeidsløysa desember 2012 var på 1,7%. Grunna låg arbeidsløysa har det vore mogleg å skaffe arbeid til innflyttarar og busette flyktningar, og Bømlo er mellom dei som har flest personar i lønna arbeid etter gjennomført introduksjonsprogram for flyktningar.

2.2.6. Integrering

Pr 31.12.11 var det 727 busette flyktningar i Bømlo kommune, av dei var 220 i arbeid. I hushaldet til desse var det totalt 351 personar. Det gir 156 busette i hushald utan arbeidsinntekt. 9 var under utdanning. Kommunen husar statleg flyktningemottak, og pr 31.12.11 budde det 129 asylsøkjjarar på mottaket. I 2013 skal kommunen ta imot 17 flyktningar, det svarer til ca 6% av innbyggjartalet. Kommunen er ein av 15 kommunar i Includio 15, som er ein samarbeidsavtale mellom 15 utvalde kommunar på Vestlandet og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI)..

3. Fysiske og sosiale tilhøve.

3.1. Natur

Bømlo har ei lang kystline, med fjordarmar som skjærer inn, og med eit sentralt fjell, Siggjo. Kommunen har ein spreidd busetnad, men sentrale deler av øya er lite utbygd, og har store område som er egna for turbruk, med Siggjo som det mest populære turmålet. Deler av kommunen er utbygd med hytter og rorbuer, og heile regionen er velegna for båtturisme og fiske.

3.2. Friluftsliv.

Det er utarbeida eit turkart for Bømlo, revidert desember 2012, og fleire av turane står omtalt i boka Optur Hordaland. Bømlo turlag vart skipa i nov. 2011, og dei har ein aktivitetskalender med stor

variasjon på turane. Det er etablert Barnas turlag og "Friluftsliv for alle" som undergrupper . Det er laga ein universelt utforma turløype som var ferdig i 2012. Bømlo kommune er medlem av Friluftsrådet vest og det er fleire områder i kommunen som er sikra for allmenn ferdsel gjennom friluftsrådet, mellom anna badeområde på Hiskjo og Furuneset på Rubbestadneset, Vevikjo på søre Bømlo og eit område på Moster. I tillegg har me Barmane på Goddo og Ulvesøyane i Bærøyfjorden. Friluftsrådet har ansvar for drift, og dette utføres i hovudsak gjennom avtaler med lokale lag og organisasjonar, som t.d. speidarane på Meling – Hiskjo. Kommunen har styrerepresentasjon i friluftsområde Vest. Det er rike moglegheiter for både jakt og fiske.

I 2011 gjekk 0,39% av Bømlo kommune sine samla netto driftsutgifter til fysisk planlegging av natur , nærmiljø og kulturminne.

3.3. Idrettsanlegg

Det er mange idrettshaller i kommunen. Sentralidrettsanlegget ligg på Bremnes, med friidrettsanlegg, fleire fotballbaner og «skatebane». Der er fleirbrukshaller på Gilje, Foldrøy og Moster knytta til skulane, Rubbhallen på Rubbestadneset og Langevåg bygdatun sør på Bømlo. Motocrossbane på Våge, status som regionalt anlegg. Kommunen har totalt 11 fotballbaner, der 5 er kunstgrasbaner. Det er mange aktive lag- og organisasjonar knytt til idrettsanlegga i Bømlo kommune. Det er ballbingar ved skulane.

3.4. Kultur

Bømlo kulturskule hadde i 2012 480 elevar, med dans som største gruppa (114), følgd av messinginstrument (96), strykeinstrument , gitar og teater som dei største gruppene. Samstundes sto 282 på venteliste, heile 92 som ønska teater og 73 som ønska dans. Dei mange aktivitetane i regi av frivillige lag- og organisasjonar har gjeve ringverknader i form av stor søknad til barne- og ungdomsteater, kulturskule og korps. Samstundes har man ikkje hatt kapasitet til å ta imot alle som ønskjer plass.

Bømlo er kjend for eit rikt kulturliv. Mostraspelet har vore fast i mange år. I 2013 er det markering av 30 års jubilm for Mostraspelet og er med det det nest lengslevande historiske spelet i Noreg. og Bømloteateret har hatt stor aktivitet. Bømlo Musikal Laug, som vart stifta i 1999, har hatt profesjonelle framføringar av kjende musikaler, som har trekt publikum langvegsfrå. Bømloteateret og Bømlo Musikal laug har i 2012 slått seg saman til Bømlo Teater.

Korps, kor og revylag utgjør noko av det kulturelle mangfaldet i Bømlo. For den godt vaksne aldersgruppa er det etablert Senioruniversitetet, og tiltak som "I Manns Minne"- den kulturelle spaserstokken. I tillegg kjem all aktivitet rundt om i lokalsamfunna på Bømlo gjennom små og større lokale lag og organisasjonar.

I 2011 gjekk 3,1% av netto driftsutgifter i kommunen til kultur og idrett.

3.5. Sosialt miljø

Kvart år svarar elever i grunnskulen på ei nasjonal spørjeundersøking om trivsel, læringsmiljø og meistring. I Bømlo har ein gjort undersøking årleg på alderstrinna 5. til 10.klasse. Resultat frå 7. og 10.klasse (og resultat frå vg 1, vidaregåande skule) vert rapportert til undervisningsdirektoratet og publisert på skoleporten.no. I tillegg har skulehelsetenesta ei kartlegging av førskulebarn og 3.klassinger, og ei utvida kartlegging i 8.klasse og VG1. Bømlo ligg om lag på landsgjennomsnittet når det gjeld trivsel i skulen, mobbing, overgang frå grunnskule til vidaregåande skule, men skil seg positivt ut med lågt fråfall i vidaregåande skule.

Inntrykket frå skulehelsetenesta er at debutalder for alkohol har auka, færre røyker eller snuser, og det er mykje mindre samlingar av ungdom ute i helgene. Dette heng truleg saman med meir kontakt via sosiale media, fleire sit heime. Samstundes er det fleire som rapporterer om mobbing, plaging og trugsmål via sosiale media. Fleire gjev og uttrykk for misnøye med utsjånad og kroppsbilete.

Kristendommen har lang tradisjon på Bømlo, og står framleis sterkt. Det er mange kyrkjer og bedehus, som har tilbod og aktivitetar for ulike aldersgrupper, mellom anna born og unge. På Langevåg er det kommunal fritidsklubb og foreldrestyrt fritidstilbod – rockeverkstad lokalisert på Kulturhuset. (er dette også på Langevåg?)

Idrettslaga har gitt tilbod til mange flyktningeborn.

Ungdata har oversikt over ungdomsundersøkingar i dei kommunane som har nytta deira spørjemalar, og har data for utviklingstrendar mellom ungdom, men har ikkje nyare data frå Bømlo.

4. Næringsliv og Utdanningsinstitusjonar

4.1. Næringsliv

Bømlo kommune har satsa medvite på eit godt samarbeid mellom næringsliv og kommunen, gjennom at kommunen aktivt bidreg til utvikling av næringslivet, og gjennom uformelle møteplassar som gjev god dialog. Kommunen har ei rekkje verksemdar, mellom anna produksjonsindustri, havbruk- og fiskeindustri og maritim verksemd. Dei største verksemdene er (2011-tal) Wärtsilä Norway AS , omsetnad 1 966 mill. kr – over 950 tilsette, Eidesvik Offshore ASA (sjå under maritim verksemd), SIEMENS Matre Instruments AS , omsetnad 134 mill. kr – 60 tilsette, Servogear AS, omsetnad 48 mill – 40 tilsette, Matre Maskin AS, omsetnad 44,5 mill – 34 tilsette, SMART Automation AS, omsetnad 48 mill – 25 tilsette, LOS Elektro AS , omsetnad 169 mill – 157 tilsette.

Marine næringar:

Bømlo har 3 lakseslakterier. Den største er Bremnes Seashore AS, omsetnad 996 mill. kr – over 230 tilsette. Oppdrettsnæringa var berekna til i 2012 å slakta kring 79.000 tonn laks og aure, ca. 6 % av

verdas lakse- og aureproduksjon - ei verdiskaping på vel 2, 5 mrd kroner.
I 2011 vart det produsert laks i Hordaland til verdi nær 4,1 mrd. kroner.

Maritim verksemd:

Eidesvik Offshore ASA, - omsetnad 1 mrd. kr – over 800 tilsette. Eidesvik/Wärtsilä er verdsleiande innan utvikling av miljøteknologi for skip.

Bømlo industrier AS er ei verksemd med varig tilrettelagde arbeidsplassar og attføringsverksemd, som sysselsett og gir opplæring til personar med trong for tilpassa arbeid.

4.2. Innovasjon/næringsutvikling

Inkubator Rubbestadneset er ei "distribuert inkubator" via Atheno A/S, som har regionshovudsete på Stord. Dei gjev tilskot og konsulenthjelp til etablerarar. Dei driv og "ungt entreprenørskap", ei konkurranse i innovasjon for skuleungdom. Det ligg føre planar for å etablere ein næringspark for ulike næringsverksemdar i Rubbestadneset.

Bømlo har inga verksemdar som utgjer ei særleg fare for forureinande utslepp til luft, land eller sjø. Bømlo kommune har låg arbeidsløyse.

4.3. Utdanningsinstitusjonar

Kommunen er inndelt i 8 skulekrinsar, i tillegg til ein rein ungdomsskulekrins. Skulane har til saman omlag 1742 elevar og 227 lærarar. I kommunen er det to vidaregåande skular med i alt 414 elevar og 66 lærarar, og ein folkehøgskule med 90 elevar og ni lærarar. I kommunen er det ni barnehagar, med plass til om lag 778 barn – av desse 293 under tre år.

5. Fysiske/kjemiske/biologiske/sosiale risikotilhøve

5.1. Trafikktilhøve

Bømlo har for ein stor del dårleg vegstandard, som ikkje møter dei krav som trafikken i dag sett. Det er difor laga en eigen trafikksikringsplan, "Den tryggaste vegen, trafikksikringsplan for Bømlo 2011-2015", der er det lista opp prioriterte strekningar med tiltak, med spesielt fokus på skuleveg.

- Trafikken på Bømlo er i hovudsak internttrafikk og dei langt fleste skadde/omkomne har bustadadresse Bømlo. Haldningsskapande tiltak kan difor gje god effekt.
- Ungdomsulukker utgjer ein stor del av ulukkene i forhold til andre kommunar.
- Det er relativt høge ulukkefall for mopedførarar i Bømlo.
- Utforkøyringsulukker er dei som dominerar ulukkestatistikken.
- Ulukkene skjer oftast på fylkesvegane som Fv 542 og Fv 541, strekkja Stokkabekken-Rubbestadneset og Siggjarvåg - Stokkabekken
- Relativt få av ulukkene fører til alvorlege skadar.
- Tungtrafikk utgjer ein stor del av trafikken, spesielt på Fv 18 til Brandasund.

-Vegstandarden er ujamn.

-Spreidd busetnad og lite utbygd gang- og sykkelvegnett og vegljøs

Det er alt starta ein storstilt vegutbetring gjennom Bømlopakken, som er ein investeringsplan over 10 år, og som finansierast gjennom samarbeid mellom stat, fylke, kommune, næringsliv og også trafikantar gjennom bompengar. Denne vil vonleg løyse dei fleste trafikale utfordringane.

5.2. Kjemiske/biologiske risikotilhøve

5.2.1. Vassforsyning:

Største delane av kommunen har tilgang på drikkevatn frå offentleg vassverk. Alle disse har reinseanlegg med UV-stråling, og vasskvaliteten på kommunalt drikkevatn er god. Nokre mindre områder i kommunen er framleis utan tilgang på kommunalt vatn, og det kan medføre risiko for smittespreiing gjennom drikkevatn i disse områda. Mattilsynet har oversikt, og har meldt det som ei bekymring.

5.2.2. Skipstrafikk

Bømlø ligg slik tol at naturen er sårbar for ulukker til sjøs, og især akutt forureining ved skipsforlis. Kommunen tek del i felles oljeberedskap med dei andre kommunane i Sunnhordland og Nord-Rogaland.

5.2.3. Renovasjon

Avfall vert sortert og køyrt til SIM sitt anlegg på Heiane, Stord. Der vert resirkulerbart avfall teke hand om, og resten køyrt til forbrenningsanlegg.

5.2.4. Kloakk/avløpsvatn

Det er i dag ein kombinasjon av private og offentlege løysingar i Bømlø kommune. Dei som ikkje er knytt til avløpsanlegga eigd og drivne av Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS (BVA), er rekna som private. BVA har i dag ansvar for 20 ulike kloakkutsløpp i Bømlø kommune. Av desse er det 4 større utslipp (over 500 per) med reinseanlegg (slamavskillar). All vekst i nærleiken av eksisterande avløpsanlegg er tenkt tilknytt BVA, mens befolkningsvekst i område med spreidd busetnad ikkje knytast til BVA. Det er litt over 50 % av befolkninga på Bømlø som har kommunal løysning for avløp i dag. Mange av dei private anlegga manglar tilfredsstillande resipient, og det er fare for forureining av nærområde og lokale vassdrag. Det er i hovudplanen for vatn og avløp definert område som skal ha kloakkløysingar, og dette er heimla i lokal forskrift for avløp. Det er naudsynt å sanere mange eksisterande utslipp til felles utslippspunkt, og å få en større del av befolkninga knytt til avløpsnett.

5.2.5. Radon

Bømlø har ikkje spesielt radonrike bergartar. I desse dagar gjennomførast ei kartlegging av radonførekomst i offentlege bygg og skuler, og alle barnehagar er gjort kjende med nye grenseverdiar frå 2014 og krav til dokumentasjon i høve til desse.

5.2.6. Miljøretta helsevern

Kommunane har tilsynsmynde i høve miljøretta helsevern for ei rekkje verksemdar. Det er i dag ikkje eit fast opplegg for dette i Bømlø kommune. I 2005 vart det gjort ei kartlegging av anlegg som kan føre med seg risiko for Legionella-smitte. Ei verksemd melde frå om at dei hadde kjøletårn, og om deira rutinar for å hindre smitte.

5.2.7. Primærnæringar

Fiskeri/havbruk: Bømlo har ein stor del av den totale lakseoppdrett og -eksport i Noreg. Det gjer at ein må ha særlig merksemd mot risiko for spreining av laksesjukdommar.

Jordbruk: Kommunen har 95 registrerte bruk, dei fleste driv med sauehald, berre 8 er registrert med mjølkeproduksjon og 1 med grisehald. Omfang av forureining frå jordbruket er lite.

I kommunen si ROS-analyse som ligg på Bømlo kommune sitt intranett er det ei gjennomgang av generelle risikovurderingar og tiltak.

6. Helse/omsorgsteneste

6.1. Helseinstitusjonar

Bømlo har tre sjukeheimar, Bømlo sjukeheim med 60 plasser, Teiglandshagen, institusjon for demente, med 16 plasser, og Bømlo omsorgstun med 12 plasser. Ved kvar av desse er ca 2 plasser øymerka korttidsopphald. Bømlo har og ein rehabiliteringsinstitusjon, Bømlo bu- og Rehabiliteringssenter, med 12 heildøgns plassar. I løpet av 2012 var 260 pasientar behandla ved BBR, 258 vart utskriven, og 2 døyde ved institusjonen. Våren 2013 startar bygging av 25 nye sjukeheimplassar som ei utviding av Bømlo sjukeheim.

6.2. Kommunale bustader

Bømlo kommunale eigedomsselskap BKE eig 136 kommunale utleigebustader, 82 av desse har tilgjenge for rullestolbrukarar. Bustadene vert utleigde til personar eller familiar som har vanskar med å skaffe eigen bustad, som til dømes eldre, funksjonshemma, psykisk utviklingshemma, flyktningar, personar med svak økonomi, psykisk sjuke med meir. I 2012 var det 50 som søkte kommunal bustad, av desse fekk 36 avslag (34 nye, 2 allereie i kommunal bustad), og 19 fekk tildelt bustad, 17 av desse "nye". Dei som får vedtak om kommunal bustad, men ikkje får plass, vert sett på venteliste.

6.2.1. Private bustader der kommunen regulerer tildeling

54 omsorgsbustader er organisert som burettslag gjennom STOBO der brukarane sjølv kjøper seg inn, men der kommunen tildeler. Alle er tilrettelagde for rullestolbrukarar.

6.2.2. Private bustader med kommunalt personell

Grupper av psykisk utviklingshemma har bygd eige bukollektiv med felles base, som er bemanna med kommunalt tilsette.

6.3. Brukarar av heimebaserte tenester

52 personar har heimehjelp kvar veke, 183 har 2.kvar veke og 44 personleg heimehjelpar. I desse tala ligg praktisk hjelp i bustad for psykisk utviklingshemma og psykisk sjuke, og nokre har mange timer i veka i praktisk hjelp. 20 personar har omsorgsløn. 11 personar har brukarstyrt personleg assistent. 256 har vedtak om somatisk heimesjukepleie, og 82 psykiatrisk heimesjukepleie. 136 har vedtak om matlevering, 193 tryggleiksalarm, 9 av disse har skaffa seg alarm sjølv. 45 personer har lån av tekniske hjelpemiddel, 8 har oppfølging av rehabiliteringskoordinator, 63 har vedtak om ergoterapi og 87 fysioterapi.

96 personar har individuell plan (IP).

46 har vedtak om avlastning, dei fleste under 17 år (33). Snitt-tal timer til dei under 66 er 21 timer pr veke, pleietyngde 1,8. Snittet i Noreg er same pleietyngde, men med 14 timer pr veke pr brukar. Over 67 år er snittet på tildelte timer 6, og pleietyngda 1,7, som er likt med landet. 108 har støttekontakt.

Ca ein tredel av mottakarar av heimesjukepleie og praktisk bistand er under 50 år. Av dei som berre mottar heimesjukepleie er delen endå litt høgare. Ved alder over 80 år aukar talet på mottakarar av berre praktisk bistand eller både praktisk bistand og heimesjukepleie.

6.4. Dagtilbod

Kommunen har ein møteplass for folk med psykiske vanskar ved Nyving, avd for psykisk helse (stengt onsdagar), og eit dagtilbod for psykisk utviklingshemma. Basen er eit arbeids-/aktivitetstilbod som er under NAV(sjå under pkt 11). BBR har dagtilbod til eldre, men Bømlo saknar pr januar 2013 eit dagtilbod til demente. Det skal planleggjast i løpet av 2013.


6.5. Tannhelseteneste

Hordaland fylkeskommune har eigen "Strategiplan for folkehelse". Bømlo er del av klinikkområde Sveio-Bremnes. Tannhelsetenesta har inngått ny samarbeidsavtale med kommunane etter nytt lovverk, og denne er underteikna av Bømlo kommune. Tannhelsetenesta opplever at avtalen er lite kjend, og at det er for lite fokus på tannhelse hos utsette grupper som bebuarar i institusjonar og i bustader for psykisk utviklingshemma, eldre brukarar av heimetenester med fleire. Tannhelse har vore god hos dei minste barna, men hos 10-12-åringar har Bømlo noko høgare førekomst av karies enn gj.snitt i landet. I periodar har det vore mangel på tannlegar i Bømlo. Fleire eldre har eigne tenner no enn før, og dårleg tannstatus gir auka risiko for hjarte-karsjukdom og for spreiding av bakteriar frå munnhole til andre stader i kroppen. Mange flyktningar har trong for tannbehandling.

6.6. Helsestatistikk

Bømlo har eit høgare tal innleggingar i sjukehus grunna hjarte/karsjukdom enn gj.snitt for fylket. I perioden 2008-2010 vart 24,0 pr 1000 (alders- og kjønnsstandardisert samanlikning; a,k,) innlagde pga hjarte/karsjukdom (registrert etter diagnosekode ved sjukehus), mot gj.snitt 18,4 i Hordaland. I 2012 var talet for Bømlo 23, altså uendra. Bruken av medikament mot hjertesjukdom skil seg ikkje vesentleg. Når det gjeld dødsfall grunna hjarte/karsjukdom ligg ein noko under med 57,7 pr 1000 mot 64,9 i Hordaland. Kommunen ligg noko lågare enn fylket på valdsame dødsfall (23,7 mot 29,9), og med mindre skilnader når det gjeld KOLS og kreft. Statistikk for røykarar er basert på opplysning om gravide som røyker, og i 2001-2010 var det 20,2% i Bømlo mot 18,7% i Hordaland. Av personar som henta medisin mot diabetes type 2 var det 22,8 pr 1000 i Bømlo, mot 28,1 pr 1000 i Hordaland i aldersgruppa 30-74 år i 2008-2010. Samstundes er det ikkje færre som har fått diagnosen diabetes type 2 i primærhelsetenesta. Statistikk på bruk av ulike medikamentgrupper er tilgjengeleg på Folkehelseinstituttet sin nettside (Kommunehelsetenesta-statistikkbank), der ein og kan sjå utviklinga over tid.

Dødelegheit 0-74 år, pr 100.000




7. Frivillige organisasjonar.

Det er over 400 ulike frivillige lag og organisasjonar i Bømlo. Det er eit mål at det skal vere eit Dialogmøte med desse 1 gang pr. år. I 2012 vart dette halde 04.10, og 43 møtte opp. Det er 9 brukarorganisasjonar som har lokallag i Bømlo. Desse er: NHF Bømlo, HLF Bømlo, Bømlo astma- og allergiforening, Diabetesforbundet Hordaland, Nasjonalforeningen Bømlo demensforening, LHL Bømlo, Mental Helse Bømlo, LMS Bømlo og NFU Hordaland.

Det er ønskeleg med ein oppdatert database med informasjon om alle tilbod som finnes, slik at nyinnflytta og andre som ønskjer kontakt veit kor dei skal venda seg, men det er vanskeleg å halde ei slik liste oppdatert. Tilboda som blir gjeve gjennom frivillige organisasjonar er særskilt viktig for trivsel, og for fysisk og psykisk helse hos befolkninga.


8. Kommunebarometer

Frå shdir, basert på tidlegare år.




Tilråding fysisk aktivitet er 60 min dagleg for barn og unge, og 30 min dagleg for vaksne.

Figur 3. Andelen som oppnår anbefalt fysisk aktivitetsnivå (landstall)




9. Folkehelseprofil 2013 frå Folkehelseinstituttet (fhi) med kommentarar




Bømlo skil seg ut med låg arbeidsløyse og høgt inntektsnivå, lite sosiale skilnader og lågt fråfall i vidaregåande skule, samstundes som få har høgare utdanning. Det heng truleg saman med at Bømlo er vertskap for skuler som utdannar ungdom til dei yrkene som industrien treng. Det sikrar verksemdene fagarbeidarar, samstundes som ungdommane er sikra jobb etter ferdig utdanning. Eit nært samarbeid mellom skule, samfunn og næringsliv gjev høg realkompetanse, gode vilkår for vekst og utvikling av næringslivet, og legg til rette for at ungdom busett seg i kommunen. Det er trong for fornying av dette samarbeidet. Det er kjørt prosesser med skulane og Bømlo næringsråd om forankring av eit samarbeidsforum.

9.1. Fråfall i vidaregåande skule




9.2. Bruk av helsetenesta/spesialisthelsetenesta somatikk

Bømlo har svært høgt tal på innleggingar i sjukehus, og spesielt for hjarte-karsjukdommar, men det er ikkje statistisk fleire som dør av hjartesjukdommar en elles i landet. Det er derfor uvisst om det er reelt fleire sjuke. Bømlo legevakt har i periodar vore bemanna med vikarar utan kunnskap om lokale tilhøve, og noko av orsaka kan ligge i at dei i større grad nyttar sjukehuset. Det føreligg planar for ei organisatorisk endring av legevakta som vil gje høgare kvalitet på tenesta, og det blir viktig å følgje tala framover.




9.3. Bruk av spesialisthelsetenesta i psykiatri



9.4. Skuleferdigheter/skulemiljø

Bømlo scorar svært lågt på meistringsnivå i lesing i 5.klasse. Lågt meistringsnivå i lesing er ein viktig markør for framtidige problem. Skulane skil seg ikkje særleg ut når det gjeld karakterar i skulefaga. Utslaget var stort både i 2012 og 2013, og det er naudsynt å finne ut kva som ligg bak disse tala.



Bømlo ligg likt med landet når det gjeld elevar som kjenner seg mobba, men det svarer likevel statistisk til vel 2 elevar i kvar fulle klasse (8,3%). Mobbing i oppveksten er ofte medverkande årsak til lidningar som angst, depresjon, anorexi/bulimi, sjølvskading og sjølv mord. Det bør vere eit mål å redusere talet.

Bømlo har få born av einslege forsørgjarar. Dersom det heng saman med trekk ved samfunnet, bør desse om mogleg styrkast og haldast ved like.

10. Lokale tilhøve

10.1. Rusmisbruk

Kommunen har tidlegare gjennomført kartlegging av rusbruk blant unge i 2001, og Bergensklinikkene gjorde ei kartlegging på Bømlo i 2005, men ein saknar data etter dette. I nabokommunen Stord vert det kvart år gjennomført ei lokal kartlegging som presenterast i ein "Føre Var"-rapport. Denne har over tid synt ein auke i bruk av cannabis, auke i illegal bruk av Subutex/Suboxone, og siste halvår særleg ein auke i bruk av amfetamin/ metamfetamin og anabole steroidar. I Bergen har det vore auke i bruk av GHB/GBL og syntetisk cannabis. Det er grunn til å tru at Bømlo skil seg både frå Bergen og Stord, men ein veit ikkje i kva grad.

Pr 01.01.2013 har 21 personar vedtak om legemiddelassistert rehabilitering, LAR, i Bømlo, og 48 personar har kjent rusproblematikk og kontakt med tenesteapparatet i NAV eller psykisk helse. Det er tilgang på ulike medikament på den illegale marknaden også i Bømlo. Ein må rekne med mørketall. Inntrykket frå NAV er at når dei kjem i kontakt med unge rusmisbrukarar, har dei allereie mange år med misbruk bak seg.

Det er tilsett ein SLT-kordinator i 100% stilling i prosjekt over 4 år, denne skal jobbe aktivt mot unge i risikosona, i nært samarbeid med politiet. Det er og lyst ut ei ruskoordinatorstilling i 50% (prosjekt),

og desse er tenkt å gjennomføre ei ny kartlegging og utarbeiding av ny ruspolitisk handlingsplan. Denne skal knyttes saman med ny plan for psykisk helse.

10.2. Røyking/alkohol og helsereelatert livsstil

Røyking: Offentlege tal for røyking skriv seg frå opplysningar om røyking hos gravide. I Bømlo er det 20% (aldersjusterte tal, fylket 18, landet 20). Ein har ingen andre lokale data om røykevanar.

Alkohol: Ved undersøkinga i 2005 var debutalder for alkohol ca 13,8 år. Det er truleg at denne er høgare i dag. Høgt alkoholforbruk og -misbruk er ofte eit skjult problem i eldre aldersklassar, og ein har ikkje data for det.

Helsereelatert livsstil: Som ved røyking og alkohol mangler det data. Bømlo ligg høgt når det gjeld overvekt hos rekruttar, og har same tendens som landet når det gjeld generell vektauke og sjukmelding grunna muskel-skjelettlidingar og psykiske plager. Samstundes har Bømlo færre som dør grunna lungekreft og KOLS. Det er trong for ei kartlegging av livsstil, mellom anna for å sjå moglege forklaringar på det høge talet på innleggingar for hjarte-karsjukdom, og avviket når det gjeld bruk av medikament mot blodtrykk og diabetes. Ei gjentakande kartlegging framover vil kunne gje gode evalueringsdata i høve folkehelsearbeid.

10.3. Sjukefråvær

Kommunen ligg under gjennomsnittet i landet og fylket når det gjeld sjukmelde, med 4,8% legemeldt sjukefråvær i 3.kvartal 2012. Dette er positive tal. Det er mogleg at dette heng saman med godt arbeid i næringsverksemdar, og samarbeid med NAV om oppfølging av sjukmelde, mellom anna gjennom Nettopp Bømlo. Dette arbeidet bør førast vidare.

10.4. Flyktningar/asylsøkjjarar

Bømlo har fått mykje ros for integrering av flyktningar, mellom anna at mange går over i arbeid etter introduksjonsprogrammet. I Bømlo er det vaksenopplæringa som har ansvaret for heile introduksjonsprogrammet. Det vert gjeve grunnskuleopplæring for vaksne, lese- og skriveopplæring for personar utan skuleerfaring, og ein samarbeider godt med vidaregåande skule. Det vert og arbeidd mot bedrifter for at folk skal få høve til å ta fagbrev, dette er i startgropa. Signala frå NAV og frå vaksenopplæringa er at sjølv om mange kjem i arbeid etter introduksjonsprogrammet, så er det mange som etter ei tid ender på NAV som mottakarar av sosialhjelp. Gjennom Includio 15 har Bømlo mogleik til å få ekstra økonomisk og fagleg hjelp frå IMDI til å bygge opp eit enno betre tiltak. Det vil vere trong for ei kartlegging av eksisterande tenester og samarbeidet mellom desse, og av kva ressursar som finnes i samfunnet som kan gi ei vellukka integrering av dei som vert busette.

Bømlo har eit asylmottak med 2 avdelingar, ei på Bremnes, og ei på Skogbu. Nokre blir sitjande i mange år i mottak, enten fordi dei er vanskelege å busetja, at dei har fått avslag på søknaden, eller er Dublinare, som skal ha søknaden sin handsama i eit anna land. For dei som bur lenge i mottak, ser ein utvikling av apati og psykiske vanskar, og at dei ikkje klarar å gi borna den omsorga dei treng.

11. Arbeid som er i gong.

11.1. Modellkommune-prosjektet

Bømlo kommune deltek i Modellkommune-prosjektet, som handlar om å skape gode rutinar for samhandling mellom tenester, identifisere dei som treng samordna tenester og syte for at det er klårt kven som har ansvar for oppfølging til ei kvar tid. Prosjektet omfattar mellom anna ekstra oppfølging av gravide som treng det, og hjelp og støtte til å takle rolla som småbarnsforeldre. Det psykososiale arbeidet i skulen er styrka med psykolog og psykisk helsearbeidar, i dag finansiert gjennom prosjektmidlar.

11.2. Partnerskap for folkehelse

Bømlo kommune inngjekk eit partnerskap for folkehelse med Hordaland Fylkeskommune i september 2011. Gjennom partnerskapsavtalen forplikta Bømlo kommune seg til m.a. å fastsetje mål for lokalt folkehelsearbeid og lage årleg handlingsplan, lage oversikt over folkehelsetilboda i kommunen og tilsetje folkehelsekoordinator. Det er tilsett folkehelsekoordinator i 100% stilling frå februar 2013.

11.3. Frisklivssentral

Det er løyvd prosjektmidlar og starta arbeid med planlegging av frisklivssentral, der ein samarbeider med Stord og Fitjar for å kunne gi eit breiast mogleg tilbod.

11.4. Kvalitetsgruppene

Innanfor helsetenesta i kommunen er det starta planarbeid for kompetanseheving og auka kvalitet innan ei rekkje område, mellom anna demens, lindrande behandling, førebygging av underernæring hos eldre, førebygging og stell av sår, legemiddelhandsaming med fleire.

11.5. Ungdomsundersøking

Skulehelsetenesta er i gang med ei kartlegging i 8.klasse og VG1, der dei spør ungdom om fysisk og psykisk helse, psykososial trivsel, tihøve til rusmidlar, og gjev tilbod om samtale til dei som ønskjer det. SLT-koordinator vil gjennomføre breiare kartlegging i ungdomsmiljøet. Det vert starta med MOT som er eit verdi- og haldningsskapande program i ungdomskulen, og ein vil jobbe vidare mot eit godt psykososialt miljø for born og unge der ein ser nærare på områda nettvett, kriminalitet og rus. Ein voner at undersøkingane kan gi eit klarare bilete av helsetilhøva i ungdomsgruppa, og kva tiltak det er trong for.

11.6. Jobsøkjarkurs/Basen/Nettopp Bømlo – tiltak gjennom NAV

Eit tilbod for ungdommar (18 – 24 år) som ikkje er i arbeid/aktivitet. Kurset driv Nav Stord og Nav Bømlo saman og Datastova på Nav Stord er stasjonen deira i 3 veker. Dei får bistand til mellom anna å laga CV, søkja på jobbar, få kontakt med arbeidsgjevarar, få råd frå rettleiarar og treffe andre i same situasjon. For fleire av deltakarane har ein «sirkel blitt broten» og dei har fått praksisplassar og jobb.

«Basen» er arbeid-/aktivitetstiltak for personar m/rusutfordringar og/eller psykiske utfordringar. Den er både ein treffplass, og ein plass for aktivitet, arbeid og sosial trening.

Nettopp Bømlo, der NAV har eit samarbeidsforum med eit breitt utval av arbeidsgjevarar, mellom anna Bømlo kommune, om tilrettelegging av arbeid for personar med helseproblem eller anna som gjer at dei treng ekstra oppfølging.

11.7. Bømlo frivilligsentral

Dei driv ulike aktivitetar og rekrutterar hjelparar til ulike tenestar. I tillegg finnes ei rekkje aktivitetar i regi av ulike frivillige lag og organisasjonar.

12. Tilrådingar vidare.

12.1. Kartlegging

- Kartlegge rusproblematikk og -omfang. Breiare kartlegging mot ungdom, mellom anna gjennom nyttilsett SLT-koordinator.
- Vurdere breiare kartlegging av elever i 5.klasse, inklusive psykososiale tilhøve, for mellom anna å finne årsak til lågt meistringsnivå i lesing og sette i verk målretta tiltak.
- Skaffe oversikt over tenestene retta mot asylsøkjjarar og flyktningar og samarbeidet mellom desse, og skaffe oversikt over kva ressursar som finnes i Bømlo-samfunnet som kan gi ei vellukka integrering.
- Tinga undersøking om livsstil og helseisiko i befolkninga, for å kunne sette i verk kunnskapsbaserte målretta tiltak for å styrke helsefremjande åtferd, og kunne evaluere effekten av disse.

12.2. Generelt folkehelsearbeid

- Trivnad- og helsefremjande tiltak for barn/unge. 1 time fysisk aktivitet i skulen dagleg, integrert i anna undervisning som supplement til gymtimar, bruk av skulen sitt nærrområde (sjå handlingsplan for folkehelse). Gøy-dagen med allsidig aktivitet for skuleborn.
- Kosthald helseinformasjon/"kampanjer" på foreldremøter i skulen.
- Opprette frisklivssentral med røykesluttkurs, Bra Mat-kurs, kurs i depresjonsmeistring (KID) med meir.
- Større fokus på tannhelse, spesielt for utsette grupper (psykisk utviklingshemma, rusmisbrukarar, brukarar av pleie-omsorgsteneste, institusjonar), i samarbeid med fylkestannhelsetenesta.
- Helseteam for eldre. Heimebesøk hos 77-åringar der ein gjev råd om korleis ta vare på helsa, og vurderar trong for tiltak. Hensikta er å hindre funksjonsfall og styrke eigenomsorg, og å få eit grunnlag for å planlegge omfang av kommunale tenester framover.
- Rehabilitering. Auka fokus på å hindre ytterlegare funksjonsfall hos dei med trong for kommunale tenester, gjennom framleis satsing på heimerehabilitering, og fysisk trening i institusjonar. Det kan gi betre trivsel, førebyggje fall og gjere bebuarar meir sjølvhjulpne. Det vil kunne lette pleietyngda og redusere sjukefråvær hos pleiepersonale.


13. Folkehelseprognose

Hordaland fylkeskommune har gjeve ut ein "Risikoprofil for folkehelse 2012". Den tek føre seg uførleik som markør for folkehelse, og har sett på ulike faktorar som heng saman med uførleik, og har samanlikna kommunane i Hordaland med tanke på sannsynleg utvikling.

Faktorar som ligg til grunn for risikovurderinga og deira vektning er:

- Grunnskule som høgaste utdanning (26%)
- Snittalder (22%)
- Eineforsørgjarar (19%)
- Låg inntekt (18%)
- Folkevekst (9%)
- Arbeidsplassdekning (7%)

Risikoprofilen er ein metode for å måle kor høg risiko kommunane har for negativ utvikling i folkehelsa, og ikkje det same som folkehelsestilstand.



Øygarden	11,4	Vaksdal	8
Radøy	9,7	Tysnes	8
Modalen	9,7	Bergen	8
Kvinnherad	9,4	Etne	7,8
Askøy	9,1	Lindås	7,8
Sund	9	Austevoll	7,8
Kvam	9	Ulvik	7,7
Jondal	8,7	Os	7,6
Osterøy	8,7	Bømlo	7,5
Meland	8,7	Stord	7,5
Fedje	8,6	Granvin	7,3
Eidfjord	8,6	Masfjorden	7
Sveio	8,6	Fusa	6,8
Odda	8,5	Voss	6,6
Samnanger	8,5	Austrheim	6,4
Fitjar	8,3	Ullensvang	6,4
Fjell	8,3		

Samla risikoindeks for folkehelse

Tabellen under viser kommunane sine indeksverdier på dei ulike variablane, samt plasseringa på den samla risikoindeksen.

	Grunnskole	Snittalder	Einefor-sørgarar	Låginntekt	Folkevekst	Arbeidsplass-dekning	Risikoindeks
Vekt	26 %	22 %	19 %	18 %	9 %	7 %	
Fedje	70	100	43	24	100	36	65
Vaksdal	57	71	78	46	64	66	64
Odda	35	83	100	38	85	26	63
Øygarden	100	34	85	11	38	80	60
Granvin	48	82	40	40	95	69	59
Tysnes	37	85	32	69	76	60	58
Ulvik	13	88	15	100	86	55	55
Jondal	10	89	59	57	59	60	53
Osterøy	70	40	36	37	59	75	51
Sund	74	16	69	28	20	98	49
Voss	40	63	40	45	66	42	49
Austrheim	49	57	59	7	58	63	47
Eidfjord	22	67	27	53	72	63	46
Masfjorden	9	78	82	9	44	78	46
Radøy	54	46	25	38	47	82	46
Fitjar	60	31	54	15	67	59	46
Bergen	32	30	81	56	45	16	46
Ullensvang	18	79	28	45	62	58	45
Kvinnherad	43	50	51	24	62	44	45
Sveio	81	25	19	29	28	96	45
Etne	45	55	21	36	52	56	43
Fjell	69	0	77	3	33	44	39
Bømlo	50	24	36	25	52	54	38
Os	51	12	61	12	12	81	36
Kvam	21	62	20	27	53	46	36
Stord	42	19	65	8	50	33	36
Samnanger	7	60	17	28	55	100	35
Fusa	19	59	0	44	74	42	35
Lindås	33	30	57	11	46	43	35
Askøy	44	7	49	6	25	93	32
Meland	40	6	62	0	14	87	31
Modalen	0	38	36	82	0	0	30
Austevoll	23	25	6	4	26	29	18

Tala representerer plassering på ein skala der kommunen med høgast risikoscore har fått talet 100, og kommunen med lågast risikoscore har fått talet 0.

14. Oppsummering.

Bømlo har mange av dei same utviklingstrekk som i landet elles, men har og nokre særtrekk. Like viktig som å betre dei parameter som kommunen skårer lågt på, er det viktig å ta vare på dei positive trekk i Bømlosamfunnet. Folkehelse må vere i fokus i all kommunal verksemd, og breie førebyggjande tiltak bør starte i barne- og ungdomsåra. Dei store sjukmeldingskategoriane er muskel/skjelettlidingar og psykisk helse. Det er difor eit hovudmål å oppretthalde ei psykologisk førstelineteneste for born og unge som har god tilgjenge og kan jobbe både med førebygging, rådgjeving til personale i skuler og barnehagar, og tidleg intervensjon. Likeeins er det viktig å stimulere til variert fysisk aktivitet og rørsleglede.

Profilen frå fhi supplert med lokale data skal vere eit aktivt verkty for å setje i verk og måle effekten av tiltak for å betre eller oppretthalde et godt og helsefremjande samfunn for folk som bur i kommunen. Det skal difor vere eit levande dokument som vert oppdatert og nytta som bakgrunn for prioriteringar. I følge forskrift skal det utarbeidast ny folkehelseprofil kvart 4.år.

Det er trong for å sjå nærare på kommunen sine rutinar når det gjeld miljøretta helsevern.

15. Kjelder

Lovdata (lovdata.no)

Statistisk sentralbyrå (ssb.no)

KOSTRA (ssb.no)

Fylkesmannen i Hordaland (fylkesmannen.no/Hordaland)

Statens folkehelseinstitutt (fhi.no)

Utdanningsdirektoratet Skoleporten (skoleporten.udir.no)

Sosial- og helsedirektoratet (shdir.no)

Stiftelsen Bergensklinikkene

Mattilsynet

Utekontakten Stord kommune

Trafikksikringsplan for Bømlo

ROS-analyse for Bømlo

Tilsette Bømlo kommune

Journalssystemet Profil –data for Bømlo